

---

# RAPPORT

---


GOL KOMMUNE

**KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD**

**KONSEKVENSGREIING**

SWECO NORGE AS





## INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>4</b>
<b>1. BAKGRUNN</b> .....	<b>5</b>
1.1 Innleing.....	5
1.2 Kva som vert konsekvensutgreidd.....	5
<b>2. METODE KONSEKVENSTUTGREIING OG ROS</b> .....	<b>6</b>
2.1 Konsekvensutgreiing.....	6
2.2 Kunnskapsgrunnlag.....	6
2.3 Vurdering av konsekvens.....	7
2.3.1 Vurderingskriterium.....	8
2.4 Samla vurdering og konklusjon.....	9
<b>3. ROS</b> .....	<b>10</b>
3.1 Kriterium for analysen.....	10
3.2 Oppsett av analysen.....	10
3.3 Risikomatrise.....	11
3.4 Kjelder for informasjon.....	11
<b>4. KONSEKVENSVURDERING</b> .....	<b>12</b>
4.1 Innspel nr. 1 – Klemma gnr/bnr 25/8.....	12
4.2 Innspel nr. 2, del av felt BS – Busstasjonen gnr/bnr 25/94 m.fl.....	14
4.3 Innspel nr. 3 – Tronderudvegen gnr/bnr 9/122.....	16
4.4 Innspel nr. 7, felt B1 – Vestre Tuppeskogen gnr/bnr 22/7.....	18
4.5 Innspel nr. 8 – Kristebråten gnr/bnr 25/8.....	20
4.6 Innspel nr. 10, del av felt B35 – Viko/Nøbbelie gnr/bnr 9/233.....	22
4.7 Innspel nr. 17 – Viko gnr/bnr 9/3.....	24
4.8 Innspel nr. 21 – Petterbråten gnr/bnr 9/9.....	26
4.9 Innspel nr. 22 – Breidokk vest gnr/bnr 10/4 m.fl.....	28
4.10 Innspel nr. 24, felt BN1 – Leirhaugen gnr/bnr 22/22 m.fl.....	30
4.11 Innspel nr. 25, felt BN2 – Stasjonsvegen gnr/bnr 5/212.....	32
4.12 Innspel nr. 26, felt B3 – Breidokk aust gnr/bnr 10/152.....	34
4.13 Innspel nr. 27 – Storøyne gnr/bnr 10/18 og 10/366.....	36
4.14 Innspel nr. 28 – Glitre gnr/bnr 26/204.....	39
<b>5. OPPSUMMERING</b> .....	<b>41</b>
<b>6. KJELDER</b> .....	<b>42</b>

### Figurliste:

Figur 1.1.1 Planområdet.....	5
------------------------------	---

### Tabelliste:

Tabell 1.1.1 Oppsummering av vurderte innspel.....	4
Tabell 2.1.1 Konsekvenstabell.....	6
Tabell 2.2.1 Kunnskapsgrunnlaget.....	7
Tabell 3.2.1 Viktige omgrep.....	11
Tabell 3.3.1 Riskiomatrise.....	11
Tabell 4.131 Oppsummering av konsekvensutgreiinga.....	41



## SAMANDRAG

I samband med utarbeiding av kommunedleplan for Gol tettstad er det gjort konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innspel til nye utbyggingsområde.


Rapporten er lagt opp slik at konsekvensutgreiing og ROS-analyse er samla for kvart område. Arbeidet er utført av Sweco i samarbeid med Gol kommune.

Innspela vart sendt inn frå private og offentlege interessentar i samband med varsel om planoppstart. Til saman kom det inn 28 innspel. Alle innspela har vore gjennomgått, og innspela som bryt mot nasjonale og/eller kommunale føringar eller allereie er avsatt til det føremålet som er ynskja, er ikkje konsekvensutgreia.

Til saman er 14 innspel utgreia, og av dei er 8 innspel tilrådd og 6 er rådd i frå.

Innspel	Tilråding	Vilkår
1 - Klemma gnr/bnr 25/8	Ikkje tilrådd	
2 - Del av felt BS - Busstasjonen gnr/bnr 25/94 m.fl.	Tilråddast	Løysingane må avklarast på eit lågare plannivå
3- Tronderudvegen gnr/bnr 9/122	Ikkje tilrådd	
7 - Felt B1 - Vestre Tuppeskogen gnr/bnr 22/7	Tilråddast	Reduksjon av byggjeareal kun aust for vegen sør til Musehaugen. Sikre at eksisterande turstiar vert bevart eller flytta.
8 - Kristebråten gnr/bnr 25/8	Ikkje tilrådd	
10 - Del av felt B35 - Viko/Nøbbelie gnr/bnr 9/233	Tilråddast	Behov for sikringstiltak mot ras må vurderast på eit lågare plannivå.
17 - Viko gnr/bnr 9/3	Ikkje tilrådd	
21 - Petterbråten gnr/bnr 9/9	Ikkje tilrådd	
22 - Breidokk vest gnr/bnr 10/4 m.fl.	Ikkje tilrådd	
24 - Felt BN1 - Leirhaugen gnr/bnr 22/22 m.fl.	Tilråddast	Ny avkøyring må sikrast.
25 - Felt BN2 - Stasjonsvegen gnr/bnr 5/212	Tilråddast	Sikringstiltak mot flaum må vurderast på eit lågare plannivå.
26 - Felt B3 - Breidokk aust gnr/bnr 10/152	Tilråddast	Høg utnyttingsgrad.
27 - Felt BKB8 og BKB9 - Storøyne	Tilråddast	Rekkefølgekrav til utnytting. Sikringstiltak mot flaum nå vurderast på eit lågare plannivå.
28 - Område BOP16 - Brannstasjon Glitre	Tilråddast	Bruk av eksisterande bygningsmasse krev at bygget kan tole oversvømming opp til flaumsikkert nivå på 221,6 moh, inkludert usikkerheitspåslag. Bygget vil kunne oppretthalde sin funksjon sjølv om det er 10 cm vatn på golvet.

Tabell 1.1.1 Oppsummering av vurderte innspel.




# 1. BAKGRUNN

## 1.1 Innleing

I samband med revidering av kommunedelplan for Gol tettstad er det utarbeidd ei konsekvensutgreiing og ROS-analyse av innspel til nye utbyggingsområde.

Rapporten er lagt opp slik at konsekvensutgreiing og ROS-analyse er samla for kvart område. Arbeidet er utført av Sweco i samarbeid med Gol kommune.



**Figur 1.1.1 Planområdet**

Meir informasjon om arbeidet med kommunedelplan for Gol tettstad kan sjåast på Gol kommune si heimeside: <http://www.gol.kommune.no/>

## 1.2 Kva som vert konsekvensutgreidd

På kommunedelplannivå skal alle nye område for utbygging, samt formålsending av eksisterande byggeområder vert konsekvensutgreidd jf. plan- og bygningslova § 4-2.

Omfanget av vurdering av enkeltområde vil mellom anna vere avhengig av formålet med innspelet, kva storleik området har, konfliktnivå og omfanget av verknader både innanfor og i eit definert influensområde utanfor kvart einskilde område.

Til saman kom det inn 26 innspel. Gol kommune har gjort ei grovsiling av alle innspela, og innspela som bryt mot nasjonale og/eller kommunale føringar eller allereie er avsatt til det føremålet som er ynskja, er ikkje konsekvensutgreia.

13 av dei 26 innkomne innspela er konsekvensutgreidd.



## 2. METODE KONSEKVENSGREIING OG ROS

### 2.1 Konsekvensutgreiing

Miljøverndepartementet (MD) sin rettleiar «Konsekvensutgreiingar – kommuneplanens arealdel» (2012) er nytta som grunnlag for analysen. Rettleiaren vektlegg at det vert gjort ei vurdering av kva konsekvensar det aktuelle innspelet/endinga får med fokus på strategiske problemstillingar og tema. Utgreiinga skal gje eit godt nok grunnlag for å avgjere om det aktuelle området er eigna til føreslått arealbruk.

#### Prinsippa i metodikken i SVV sin handbok 712

Med utgangspunkt i eksisterande grunnlagsmateriale er verdiane i dei einskilde områda kort omtalt. Det er og tatt omsyn til verdier i nærleiken av områda (influensområde).

Deretter er det gjort ei vurdering av omfanget som tiltaket vil kunne gje. Omfanget er vurdert etter fagspesifikke kriterium.

#### Omtale av verdi

Registrerte verdier innan kvart område og i eit tilpassa influensområde er omtala og verdivurdert etter kriteria som er omtala i eige avsnitt, jf. 2.2. Verdien er vurdert på ein skala frå 1-3.

#### Vurdering av omfang

Ved vurdering av omfang er det gjort ein heilskapleg vurdering, basert på avgrensing av området, føremålet med innspelet, topografi, omtale av verdi og lokalkunnskap.

Vurderingane er gjort ut frå ein referansesituasjon som inkluderer vedtekne planar. Omfang er vurdert på ein skala frå -3 til +3.


Omfang/verdi	1 (liten verdi)	2 (middels verdi)	3 (stor verdi)
+3 (Stort positivt omfang)	1/+3	2/+3	3/+3
+2 (middels positivt omfang)	1/+2	2/+2	3/+2
+1 (lite positivt omfang)	1/+1	2/+1	3/+1
0 (inga omfang)	1/0	2/0	3/0
-1 (lite negativt omfang)	1/-1	2/-1	3/-1
-2 (middels negativt omfang)	1/-2	2/-2	3/-2
-3 (stort negativt omfang)	1/-3	2/-3	3/-3

Tabell 2.1.1 Konsekvenstabell.

### 2.2 Kunnskapsgrunnlag

Moment som er lagt vekt på ved vurdering av verdi og omfang/konsekvens for dei einskilde fagtema er lista opp i tabell.

Tema	Kunnskapsgrunnlag	Vurdering
Landskap	<ul style="list-style-type: none"><li>- Overordna føringar for KDP Gol tettstad (vedteke 26.09.2017)</li><li>- Topografiske kart</li><li>- Ortofoto</li><li>- Hellingskart (frå høydekoter)</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Konsekvensar for landskapsrom</li><li>- Visuell konflikt med omgjevnader</li></ul>
Naturmiljø	<ul style="list-style-type: none"><li>- Uttak frå Artsdatabanken</li><li>- Miljødirektoratet sine wms-tenester</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Konfliktgrad i høve til direkte arealbruk, randeffekt og korridorar</li><li>- Om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, jf. Naturmangfaldlova</li></ul>



Naturressursar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Markslagkartlegging (AR5) frå Gol kommune</li> <li>- Nasjonal grunnvannsdatabase</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Omdisponering av fulldyrka mark</li> <li>- Driftsulemper og punktering av heilskaplege område</li> <li>- Skogsbonitet</li> <li>- Drikkevatn</li> </ul>
Kulturminne og -miljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Uttak frå Askeladden</li> <li>- Riksantikvaren sine wms-tenester</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Direkte arealkonflikt, samt visuelle effektar i høve til kulturmiljø.</li> </ul>
Teknisk infrastruktur og klima/transport	<ul style="list-style-type: none"> <li>- VA-datasett frå Gol kommune</li> <li>- Vegkart/busstopp</li> <li>- Trafikkanalyse Gol sentrum (Sweco)</li> <li>- Overordna føringar for KDP Gol tettstad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avstand til offentleg VA-nett</li> <li>- Lokalisering i høve til tenester og øvrig infrastruktur, bilbruk</li> <li>- Tilkomstveg</li> <li>- Kolektivtrafikk</li> </ul>
Sentrumsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Overordna føringar for KDP Gol tettstad</li> <li>- Forslag til sentrumsavgrensing (Sweco)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konflikt med sentrumsaktivitetar</li> <li>- Konflikt med sentrumsavgrensing</li> <li>- Utnyttingsgrad</li> <li>- Gangavstand til sentrum (1,5km)/meir aktivitet i sentrum</li> </ul>
Næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Overordna føringar for KDP Gol tettstad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- ABC-prinsippet</li> <li>- Brukskonflikt</li> <li>- Tilkomstveg</li> </ul>
Barn og unges interesser, nærmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Områdetypekartlegging Gol sentrum</li> <li>- Verdisetting av friluftsområde i Gol kommune</li> <li>- Overordna føringar for KDP Gol tettstad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avstand til skule og sentrum</li> <li>- Skuleveg (gang-/sykkelveg)</li> <li>- Berørt leikeområde</li> </ul>
Folkehelse og grøne areal	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Verdisetting av friluftsområde i Gol kommune</li> <li>- Overordna føringar for KDP Gol tettstad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konfliktgrad i høve til friluftsområde</li> <li>- Tilgang til friluftsområde</li> <li>- Støy</li> </ul>
Samfunnstryggleik	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eignaheitskart (Sweco)</li> <li>- Kommune ROS</li> <li>- NVE skredfarekartlegging</li> <li>- Overordna føringar for KDP Gol tettstad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Naturfare</li> <li>- Avstand til infrastruktur</li> <li>- Tilkomstveg</li> </ul>

Tabell 2.2.1 Kunnskapsgrunnlaget.

## 2.3 Vurdering av konsekvens

Kriteria for vurdering av konsekvens i tabellen for dei einkilde områda er vurdert for kvart tema og gitt ein farge. Vurderinga er basert på ein verdifastsetting for dei ulike tema, kopla til eit forventa omfang av endring for verdiane ved utbygging. Fargane indikerer følgjande:

	Einsidig negativ
	Delvis negativ/usikker
	Ingen relevans eller positivt

For kvart tema er det utarbeida kriterium for vurdering. Som det går fram av dei ulike tema, har kvar fargekategori eit eller fleire kriterium. For å oppfylle krava for fargesetting må ikkje alle kriteria vere oppfylt. Til dømes kan eit område vurderast til raudt under tema friluftsliv og folkehelse, sjølv om berre støy slår ut av dei to kriterieia.



### 2.3.1 Vurderingskriterium

#### Landskap

Raud: Utbygginga gjer inngrep i urørt landskapsrom med spesielt gode kvalitetar. Området har tydeleg eksponeringspotensiale mot utbygde område og/eller viktige utfartsområde.

Gul: Utbygginga gjer inngrep i landskapsrom med typiske kvalitetar for området. Området har delvis eksponeringspotensiale mot utbygde område og/eller viktige utfartsområde.

Grøn: Utbygginga er tilpassa landskapsrommet. Området har lite eller ikkje eksponeringspotensiale mot utbygde område eller viktige utfartsområde.

#### Naturmiljø

Raud: Raudlista artar og/eller viktige naturtypar i området.

Gul: Nærleik til raudlista artar, verneområde eller viktige naturtypar.

Grøn: Ingen spesielle registrerte artar eller naturtypar i eller i nærleiken av området.

#### Naturressursar

Raud: Fulldyrka mark i vesentlege delar av området. Samanhengande skog.

Gul: Innmarksbeite eller fulldyrka mark i delar av området.

Grøn: Anna areal, ikkje jordbruksområde.

#### Kulturminne og- miljø

Raud: Området kjem i visuell eller fysisk konflikt med registrerte kulturminne/-miljø. Det er vurdert å vere middels-stort potensial for funn av ikkje kjende automatisk freda kulturminne (nye fornminne).

Gul: Området kan kome i visuell konflikt med registrerte kulturminne/-miljø. Det er vurdert å vere potensial for funn av ikkje kjende automatisk freda kulturminne (nye fornminne). Det er naudsynt med nærare vurderingar for å avgjere om området kan klarerast.

Grøn: Utbygging av området vil ikkje verke inn på registrerte kulturminne/-miljø. Det er vurdert å vere lite potensial for funn av ikkje kjende automatisk freda kulturminne (nye fornminne).

#### Teknisk infrastruktur og klima/transport

Raud: Dårleg/ingen infrastruktur i området. Veldig dårleg vegstandard. Vanskeleg tilkomst og ein må pårekna ny veg. Fører til auka bilbruk, ingen kollektivhaldeplass i nærleiken.

Gul: Mangelfull infrastruktur. Ikkje offentleg VA- nett i området. Omfattande offentlege kostnadar ved utbygging. Meir enn 500m til kollektivhaldeplass.


Grøn: Infrastruktur i orden. Bygger oppunder eksisterande nett og vegar, gangavstand til tenester i sentrum. Ved kollektivhaldeplass.

#### Sentrumsutvikling

Raud: Utbyggingsområdet kjem i konkurranse eller konflikt med sentrumsaktivitetar som offentleg og privat tenesteyting, detaljhandel. Kontor, hotell og bevertning

Gul: Utbyggingsområdet kan koma i konflikt med sentrumsaktivitetar, avhengig av kva som til slutt endar opp på arealet. Det er behov for tydelege føresegner.





Grøn: Utbyggingsområdet bidreg til meir aktivitet eller varierte bustadføremål i sentrum.

#### Næringsutvikling

Raud: Formålet med utbygginga er i strid med ABC-prinsippet, eller negativt for eksisterande næringsliv.

Gul: Formålet kan vere i strid med ABC-prinsippet. Utfordrande tilkomstveg.

Grøn: Formålet med utbygginga er i samsvar med ABC-prinsippet, og styrkar eksisterande næringsliv.

#### Barn og unges interesser, nærmiljø

Raud: Utbygginga tek i bruk friområde/leikeområde. Området ligg meir enn 4 km frå sentrumsområdet eller skule. Ikkje g/s-veg til sentrumsområdet/skule.

Gul: Utbygginga ligg meir enn 1,5 km frå sentrumsområde eller skule. Ingen eller dårleg g/s-veg til sentrumsområdet/skule.

Grøn: Utbygginga er mellom 0-1,5 km frå sentrum og skule. Har g/s-veg. Utbygginga har ingen eller positiv innverknad for nærmiljø eller barn og unge.

#### Folkehelse og grøne areal

Raud: Utbygging vil øydelegge eit friluftsområde eller svekke tilgangen. Byggeområdet er utsett for støy eller uheldig samlokalisering.

Gul: Utbygging vil kunne ha negativ innverknad for friluftsområde og det er dårleg g/s-vegtilhøve til sentrale tenester og service.

Grøn: Utbygginga har ingen negativ innverknad for folkehelse eller friluftsliv. Utbygginga er positiv for friluftsliv. Nærleik til turstiar og turområde, gode g/s -veg tilhøve mot sentrumsområdet.

#### Samfunnstryggleik og beredskap

Raud: Det er flaum- eller rasfare i heile, eller deler av området.

Gul: Faren for ras og flaum er usikker- ligg i randsone. Dårlig tilknytning til samfunnet elles, usikker tilkomst.

Grøn: Det er ingen kjende farar knytt til området. God tilkomst.

## **2.4 Samla vurdering og konklusjon**

Basert på dei faglege vurderingane er det gjort ei samla vurdering, med tilrådingar og forslag til avbøtande tiltak. Det gjort ein samla vurdering av konsekvens basert på resultatane av vurdering av konsekvens for dei einskilde tema, fagleg skjøn og lokalkunnskap. I konklusjonen er det nytta tre kategoriar:

- Tiltaket kan tilrådest
- Tiltaket kan tilrådest, men før vedtak bør det gjerast grep og/eller endringar til dømes i form av reduksjon av areal, rekkjefølgje-krav mm.
- Tiltaket kan ikkje tilrådest. I nokre tilfelle kan avbøtande tiltak gjere at tiltaket likevel kan gjennomførast. Desse vert nemnt spesifikt.



### 3. ROS

Forskrift om konsekvensutgreiing viser til § 4-3 i PBL og peiker på fleire moment som er viktige å ta med i vurderingar av samfunnstryggleik. Med andre ord stiller forskrift om konsekvensutgreiingar krav til bruk av ROS-analyse som metode når samfunnstryggleik vert vurdert. ROS-analysen er utført i samsvar med plan- og bygningslova § 4.3, og metodikken er henta frå rettleiarar frå DSB.

ROS-analysar til kommuneplanar vert uønska hendingar identifisert gjennom kartlegging av risiko- og sårbarheitstilhøve.

Konsekvenskategoriane og -verdiane som er nytta er henta frå ROS-analyse for Gol kommune.

I kommunedelplanen for Gol tettstad vert ROS-analysane nytta til å vurdere om aktuelle område er eigna, om lokaliseringa av utbyggingsføremålet er hensiktsmessig, eller om det må verte vurdert andre område. Dersom det vert lagt fram fleire område for utbygging, kan ROS-analysane bidra til å prioritere mellom ulike planområde og eventuelle utbyggingsføremål.

Analysen er gjort på kjent grunnlag og det er ikkje gjort eigne undersøkingar i felt som t.d. geologiske og hydrologiske undersøkingar. Rasfaren er dermed henta frå aktsemdkarta for snø- og steinsprang frå NGU og ein viss grad av uvisse må påreknast.

I tråd med rettleiaren frå DSB inneheld ikkje ROS-analysen vurdering av tryggleikskrava for naturfarar og flaum frå byggtknisk forskrift. Dette vert vurdert i ROS-analysen for kvart einskild utbyggingsområde.

#### 3.1 Kriterium for analysen


Dette er ein overordna ROS- analyse der kvart utbyggingsområde er utgreidd etter dei same hendingane og med det same kunnskapsgrunnlaget.

Analysen fokuserer på naturrisiko og tar i liten grad tak i sårbarheitsomgrepet og samfunnsrisiko, sidan dette er innarbeidd i konsekvensutgreiinga under samfunnstryggleik og teknisk infrastruktur. Klimaendringar, omtala i NOU 2010:10 «Tilpassing til eit klima i endring», er vurdert ut i frå topografiske tilhøve under temaet ekstremvêr, og tek utgangspunkt i økning i nedbør på 20% i Buskerud frå Klimaprofil for Buskerud, og endring i tal dagar med snødekke fram mot 2100 (-65 - - 50 færre dagar med snødekke) frå Miljøstatus.no.

Det er ikkje forventa auke i flaum i for store nedbørsfelt dominert av snøsmelting som Hallingdalselva. For elver i mindre nedbørsfelt som Hemsil vert det anbefalt minst 20% klimapåslag. Utover det som eventuelt også er inkludert i dei ulike aktsemdkarta for ras- og flaum og rapportar om flaum/skred er ikkje klimaendringane estimert vidare.

#### 3.2 Oppsett av analysen

ROS-analysen er inndelt etter kvart område og ligg som eit eige ark bak konsekvensvurderinga av dei einskildte områda. Konklusjonen av analysane må lesast ut i frå skjemaet og dei aktuelle avbøtande tiltak som er satt opp der. Ettersom det ikkje er gjort detaljerte vurderingar kan vi ikkje fastsette sannsyn- og konsekvensgrad etter gjennomført tiltak og vi kan heller ikkje med sikkerheit sei om t.d. dei rasutsette områda kan sikrast slik at bustadbygging kan tillatast.



Omgrep	Skildring
Sannsyn	Eit mål for kor truleg det er at ein bestemt hending skjer i planområdet innanfor eit visst tidsrom.
Konsekvens	Verknaden den uønska hendinga kan få i eit planområde eller utbyggingsføremålet.
Uvisse	Handlar om å vurdere kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for ROS-vurderinga.
Tiltak	I oppfølginga av funn frå ROS-vurderinga kan det verte avdekka behov for tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Dette kan vere forbetringar i barrierar eller nye tiltak.
Akseptkriterium	Kriterium som vert lagt til grunn for avgjersler om godtatt risiko.

Tabell 3.2.1 Viktige omgrep.

Klassifisering av sannsyn:

Sannsyn	Frekvens
E. Påreknast	Oftare enn 1 gong i løpet av 20 år
D. Særs sannsynleg	1 gong i løpet av 20-200 år
C. Sannsynleg	1 gong i løpet av 200-1000 år
B. Mindre sannsynleg	1 gong i løpet av 1000-5000 år
A. Lite sannsynleg	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 5000 år

Skildring av konsekvens:

Konsekvens	Menneske	Miljø	Økonomi
5. Katastrofal	Over 20 alvorleg skada + mange døde	Restaureringstid >10 år	> 100.000.000
4. Farleg	5-20 alvorleg skada + nokre døde	Restaureringstid 3 - 10 år	20.000.000. – 100.000.000
3. Kritisk	Nokre alvorleg skada + 1-2 døde	Restaureringstid 1 – 3 år	5.000.000 – 20.000.000
2. Ein viss fare	Nokre skada	Restaureringstid < 1 år	1-5 mill
1. Ufarleg	Liten skade	Ubetydelig skade	Under 1 mill

### 3.3 Risikomatrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Kritisk	Farleg	Katastrofal
Påreknast					
Særs sannsynleg					
Sannsynleg					
Mindre sannsynleg					
Lite sannsynleg					

Tabell 3.3.1 Riskiomatrise.


### 3.4 Kjelder for informasjon

- Eignaheitskart (Sweco 2017)
- WMS-tenester frå NGU
- Kommuneplan og reguleringsplanar for omkringliggende område
- Hemsedal og Gol - Skredfarekartlegging NVE, 2017
- Gol, Hallingmo – Skredvurdering, Asplan Viak 2013
- Klimaprofil for Buskerud, Norsk klimaservicesenter 2017
- Flomsonekart – Delprosjekt Gol, NVE 2006
- Gol, Vikujordet – Faresoner for flom og skred, NGI 2012
- Flomberegninger i Hallingdalsvassdraget, NVE 2004



## 4. KONSEKVENSVURDERING


### 4.1 Innspel nr. 1 – Klemma gnr/bnr 25/8

	<p>Område 1: Klemma Areal: 14,8 daa Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Utmark Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Uregulert</p>
---	---

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Landskap	2	-1	Delvis negativ	Einsarta område, hovudsak skogdekt. Skogen rundt eigedomen er hogd. Ligg innanfor verdifullt kulturlandskapsområde.
Naturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte verdier i området.
Naturressursar	2	-1	Delvis negativ	Ca. 3 daa fulldyrka jord, ikkje del av større område. Skog av middels bonintet. Ingen registrerte drikkevasskjelder.
Kulturminne- og miljø	1	-1	Ingen relevans	Ingen registrerte kulturminne eller -miljø. Nabogården har eit lokalt viktig kulturmiljø bestående av 4 SEFRAK-registrerte bygg.
Teknisk infrastruktur og klima/transport	2	-1	Delvis negativ	Offentleg VA-nett like ved området. Dårlig standard på Klemmavegen for blanda trafikk. Ikkje gangavstand til off.tenester i sentrum (ca.1,6 km). Næraste kollektivhaldeplass ca.900m, Gol næringspark.
Sentrumsutvikling	1	0	Ingen relevans	Kjem ikkje i konflikt med sentrumsaktivitetar. Ikkje gangavstand til sentrum
Næringsutvikling	1	0	Ingen relevans	Ikkje relevant.
Barn og unges interesser	3	-2	Einsidig negativ	Mykje brukt område som ligg inntil store bustadfelt. Ikkje g/s-veg langs skuleveg.
Folkehelse og grøne areal	3	-2	Einsidig negativ	Ligg innanfor eit sær s viktig friluftsområde, Tuppeskogen vest. Ligg 50-200m frå avfallsmottak.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	-1	Ingen relevans	Ingen kjende naturfarar. Berre 1 tilkomstveg.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Ikkje gangavstand til skule eller sentrum. Negativt for friluftsliv, folkehelse og barn og unges interesser. Dette området fungerer også som ein naturleg barriere mellom bustadområdet i Kristenbråten og næringsområda sør for Klemmavegen.



Konklusjon:  
Tiltaket kan ikkje tilrådest.

<b>ROS innspel nr.1 - gnr/bnr 25/8 Klemma</b>					
Hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Menneske	Miljø	Økonomi	
Ras	C	2	1	2	Ligg utanfor utløpsområde for ras og skred.
Flaum					Ikkje relevant, område ligg ca.40 m over Hallingdalselva. Ingen bekkeløp.
Ekstremnedbør, flomskred	D	1	1	2	Ikkje registrert skredmateriale, ingen forsenkningar som samlar regnvatn.
Grunntilhøve, utglidning	C	2	1	2	Morenemateriale, tykt dekke. hellning under 20 grader.
Uvisse: Mangelfull kunnskap om tidlegare skredhendingar.					
Tiltak: Handtering av overvatn ved inngrep i terrenget må verte dokumentert.					



## 4.2 Innspel nr. 2, del av felt BS – Busstasjonen gnr/bnr 25/94 m.fl.

	<p>Område 2: Busstasjonen Areal: 12,3 daa Føremål: Kollektivknutepunkt</p> <p>Eksisterande arealbruk: Bensinstasjon Kommuneplan: Sentrumsføremål Reguleringsplan: Forretning/kontor (1987001)</p>
--	---


Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Landskap	1	0	Ingen relevans	Bymessig landskap utan særpreg. Nærleik til sentrumsparken
Naturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte verdier i området.
Naturressursar	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte verdier i området. Ingen registrerte drikkevasskjelder.
Kulturminne- og miljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte kulturminne eller -miljø. Furuheim tun ligger aust for området.
Teknisk infrastruktur og klima/transport	2	2	Positivt	Meir plass til skysstasjon gir moglegheit for betre kollektivtilbud.
Sentrumsutvikling	3	2	Positivt	Betre tenester til publikum.
Næringsutvikling	1	0	Ingen relevans	
Barn og unges interesser	3	-1	Negativ	Kan råke sentrumsparken med leikeplass, mykje brukt.
Folkehelse og grønne areal	3	-1	Negativ	Kan råke sær viktig området for friluftsliv, sentrumsparken. Mykje brukt.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Positivt	Ingen kjende naturfarar. God tilkomst til området.

### Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Positivt for sentrumsutvikling og tilrettelegging for mindre bilbruk. Sentrumsparken som er mykje brukt ligg delvis innanfor området, men det kan stillast krav om å bevare parken med same areal som i dag.

### Konklusjon:


Tiltaket kan tilrådest. Løysingane må avklarast på eit lågare plannivå, og det må sjåast på heile trafikkavviklinga både i Sentrumsvegen og Gymnasvegen heilt frå rundkjøringa. Sentrumsføremålet blir vidareført for området.



ROS innspel nr.2 – Busstasjonen					
Hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Menneske	Miljø	Økonomi	
Ras	C	2	1	2	Ligg utanfor utløpsområde for ras og skred.
Flaum					Ikkje relevant, område ligg ca.20 m over Hallingdalselva. Ingen bekkeløp.
Ekstremnedbør, flomskred	D	1	1	2	Bebygd. God infiltrasjonsevne der det ikkje er tette overflatar, vegar ved området fungerer som flaumløp.
Grunntilhøve, utglidning	C	2	1	2	Flatt område
Uvisse: Flaumløp gjennom Gol sentrum					
Tiltak: Handtering av overvatn må verte dokumentert.					




### 4.3 Innspel nr. 3 – Tronderudvegen gnr/bnr 9/122

	<p>Innspel 3: Tronderudvegen Areal: 24,2 daa Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Utmark, sti Kommuneplan: Offentleg byggeområde Reguleringsplan: Kombinert formål (idrettsanlegg/grønstruktur) og grøntstruktur</p>
---	--

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Landskap	2	-1	Delvis negativ	Tronderudvegen delar området i to, nordlege halvdel skogdekt, sørlege del delvis bebygd.
Naturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte verdier i området.
Naturressursar	1	-1	Ingen relevans	Skog av middels bonintet. Ingen registrerte drikkevasskjelder.
Kulturminne- og miljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte kulturminne eller -miljø.
Teknisk infrastruktur og klima/transport	2	-1	Delvis negativ	Offentleg VA-nett gjennom eigedomen. regulert g/s-veg i retning Gol skule. Gangavstand til off.tenester i sentrum. Næraste kollektivhaldeplass ca.600m, Gol skystasjon.
Sentrumsutvikling	1	+1	Positivt	Kjem ikkje i konflikt med sentrumsaktivitetar. Gangavtand til sentrum.
Næringsutvikling	1	0	Ingen relevans	Ikkje relevant. Gangavstand til sentrum.
Barn og unges interesser	3	-2	Einsidig negativ	Berører område som vert mykje brukt av idrett- og fritidsordninga IFO. Regulert g/s-veg langs skuleveg til Gol skule.
Folkehelse og grøne areal	3	-3	Einsidig negativ	Berører eit sær s viktig friluftsområde, knyt saman Hallingmo nord og Hallingmo aust. Mykje brukt lysløype går gjennom området.
Samfunnstryggleik og beredskap	2	-1	Delvis negativ	Utløpsområde for snøskred, sannsyn for skred svært låg. Nordaustlege del er innanfor faresone steinsprang (NVE). Fleire tilkomstveggar.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:





Einsidig negativ verknad for friluftsliv og barn og unges interesser. Ligg i same området som ein mykje brukt lysløype og mykje brukt turområde. Utfordrande å unngå konflikt mellom byggeområde og friluftsområda, og omsynet til friluftaktivitetar bør ha prioritet.

Konklusjon:  
Tiltaket kan ikkje tilråast.


ROS innspel nr.3 – Tronderudvegen					
Hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Menneske	Miljø	Økonomi	
Ras	D	2	1	2	Begrenset volum på skred, skogen bremser.
Flaum					Ikkje relevant, område ligg ca.50+ m over Hallingdalselva. Ingen bekkeløp.
Ekstremnedbør, flomskred	D	2	1	2	Ingen registrerte utløpsområde for flaumskred. Skogen nord for området virker satbiliserande. Det er venta fleire og større regnflaumer.
Grunntilhøve, utglidning	C	2	1	2	Morenemateriale, tykt dekke. Få skrentar over 25 grader. Skogen nord for området verkar satbiliserande.
Uvisse: Mangelfull kunnskap om tidlegare skredhendingar.					
Tiltak: I reguleringsplan må det vurderast tiltak mot snøskred, f.eks. etablering av gjerde/voll for mindre utglidningar av snø. Flaumveger for regnflaumar må vurderast.					



#### 4.4 Innspel nr. 7, felt B1 – Vestre Tuppeskogen gnr/bnr 22/7

	<p>Område 7: Vestre Tuppeskogen Areal: 54,1 daa Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Utmark Kommuneplan: LNF og bustad Reguleringsplan: Uregulert</p>
--	---

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Landskap	2	-1	Delvis negativ	Einsarta område, hovudsak skogdekt. Skogen runndt eigedomen er hogd. Ligg innanfor verdifullt kulturlandskapsområde.
Naturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte verdier i området.
Naturressursar	2	-1	Delvis negativ	Del av større skogsområde av middels bonintet. Ingen registrerte drikkevasskjelder.
Kulturminne- og miljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte kulturminne eller -miljø. Fleire kulturminne i nærområdet.
Teknisk infrastruktur og klima/transport	2	-1	Delvis negativ	Offentleg VA-nett like ved området, men lågt trykk og dårleg leveringstryggleik. Ikkje gangavstand til off. tenester i sentrum (ca.1,6 km). Næraste kollektivhaldeplass ca.400m, Tuppeskogen. Avkjørsel mot fv.2916 bør utformast som eit forkjørregulert T-kryss der krav tilstoppsikt vert tilfredsstilt.
Sentrumsutvikling	1	0	Ingen relevans	Kjem ikkje i konflikt med sentrumsaktivitetar. Ikkje gangavtand til sentrum.
Næringsutvikling	1	0	Ingen relevans	Ikkje relevant.
Barn og unges interesser	3	-2	Einsidig negativ	Berører Musehaugen leke- og rekreasjonsområde. Tuppeskogen vest er et mykje brukt friområde som ligg inntil store bustadfelt. g/s-veg langs skuleveg.
Folkehelse og grøne areal	3	-2	Einsidig negativ	Ligg innanfor eit sær s viktig friluftsområdet, Tuppeskogen vest
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Positivt	Ingen kjende naturfarar. Fleire tilkomstvegar.



Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Ikkje gangavstand til skule eller sentrum. Negativt for friluftsliv og barn og unges interesser. Delvis i tråd med eksisterande kommuneplan (B30). Pga. vedteke reguleringsplan i Kristenbråten vert det anbefalt å berre sette av området aust for vegen til Musehaugen som byggjeområde og la området vest for vegen verte LNF.

Konklusjon:

Tiltaket kan tilråddast, men før vedtak bør det gjerast grep i form av reduksjon av byggjeareal kun aust for vegen sør til Musehaugen, og sikrast i føresegn at eksisterande turstiar vert bevart eller flytta inkl. ein buffer på 5m i detaljreguleringsplanen. Bustadområde B30 utgår og vert erstatta av Vestre Tuppeskogen. Avkjørsel mot fv.2916 bør utformast som eit forkjørsregulert T-kryss der krav tilstoppsikt vert tilfredsstilt.

#### ROS innspel nr.7 - Vestre Tuppeskogen gnr/bnr 22/7

Hending	Sannsyn	Konsekvens			Forklaring
		Menneske	Miljø	Økonomi	
Ras	C	2	1	2	Ligg utanfor utløpsområde for ras og skred.
Flaum					Ikkje relevant, område ligg ca.100+ m over Hallingdalselva. Ingen bekkeløp.
Ekstremnedbør, flomskred	D	1	1	2	Ikkje registrert skredmateriale, ingen forsenkningar som samlar regnvatn. Det er venta fleire og større regnflaumer.
Grunntilhøve, utglidning	C	2	1	2	Morenemateriale, tykt dekke. hellning 5 - 20 grader.
Uvisse: Mangelfull kunnskap om tidlegare skredhendingar.					
Tiltak: Handtering av overvatn ved inngrep i terrenget må verte dokumentert.					



## 4.5 Innspel nr. 8 – Kristebråten gnr/bnr 25/8

	<p>Område 8: Tilkomstveg Kristebråten Areal: 26,3 daa Føremål: Tilkomstveg</p> <p>Eksisterande arealbruk: Utmark Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Uregulert</p>
---	--


Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Landskap	2	-1	Delvis negativ	Einsarta område, hovudsakleg skogdekt men busetnad i nord og aust. Ligg innanfor verdifullt kulturlandskapsområde.
Naturmiljø	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte verdier i området.
Naturressursar	2	-1	Delvis negativ	Del av større skogsområde av middels bonitet. Fragmentering av skogsområdet. Ingen registrerte drikkevasskjelder.
Kulturminne- og miljø	2	-2	Delvis negativ	Går gjennom kulturminnet gårdsanlegg Tupeseskogen – Musehaugbråten.
Teknisk infrastruktur og klima/transport	2	-2	Delvis negativ	Kan opne for vidare utbygging som ikkje får gangavstand til off. tenester i sentrum. Gjev auka trafikk langs Klemmavegen som har blanda trafikk bustad/næring.
Sentrumsutvikling	1	0	Ingen relevans	Kjem ikkje i konflikt med sentrumsaktivitetar.
Næringsutvikling	1	0	Ingen relevans	Ikkje relevant.
Barn og unges interesser	3	-2	Einsidig negativ	Mykje brukt område med eit velutvikla turnett.
